SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Guro Høyvik
E-post: Guro.Hoyvik@sfj.no
Tlf.: 41530608

Vår ref.
Sak nr.: 18/6165-8
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
48248/18

Dykkar ref.

Dato
LEIKANGER, 26.10.2018

Møtereferat

Referent: Guro Høyvik

Deltakarar: Kamilla Rivedal, Lisa Horpen, Thor Albrektsen, Mari Dale Salbu, Amila Adzemovic, Ingebjørg F. Bjørlo.

Forfall: -

Ungdomspolitisk utval (UPU) 2018/2019 - referat frå møte 31.08. til 2.9.2018.

Sak 14 2018/2019 **Godkjenning av sakliste og innkalling**
Sakliste og innkalling vart godkjent.

Sak 15 2018/2019 **Orientering om hendingar**
Kamilla vart invitert og deltok på opninga av Fredskorpset i Førde. Paneldebatt med Nikolai Astrup, Jenny Følling m.fl. Ho vart også invitert av fylkesordføraren til å sitte i folkejuryen for det nye fylkesvåpenet. Dei plukka ut 10 framlegg, desse skal det stemmast over.
Kamilla er også spurt om å vere med i fylkesaksjonskomiteen for årets TV-aksjon, måndag 10. september kl. 10, men har ikkje høve til å stille. Kamilla melder tilbake at Lisa deltek.

Sak 16 2018/2019 **Høyring - Regional plan for kultur**
ungdomspolitisk utval gjekk gjennom høyringsutkastet og sende inn ein uttale, sjå vedlegg.

Sak 17 2018/2019 **Brev frå ungdomens fylkesråd Nordland**
Ungdommens fylkesråd Nordland har sendt brev til alle ungsomsmedverknadsorgana i fylka med opmoding om å ta opp temaet pedofili i fylkestinga, sjå vedlegg. UPU meiner dette er eit viktig tema og konkluderte med at dei sender tilbakemelding til fylkesrådet om at dei støttar initiativet. Ber også fylkesrådet om å formulere ei fråsegn som fylkesting for ungdom 2019 kan votere over.

Sak 18 2018/2019 **Fagsamling om UKM og ungdomsdemokrati 18-19. oktober.**
UPU gav innspel til tema for samlinga på førre møte. Guro orienterte om at det pr. no er litt usikkert pr. no korleis samlinga vert. Mogeleg at Kamilla, Lisa og Mari deltek.

Sak 19 2018/2019 **Fadderråd**

- Thor: har sendt ut informasjon til alle fadderråda. Naustdal og Vik har ikkje ungdomsråd pr. no. Vik jobbar med det. Har ikkje fått svar frå Årdal. Vågsøy arbeider m.a. med å førebu val.

- Amila: Hornindal og Bremanger har ikkje ungdomsråd. Selje har ungdomsråd, men i regi av skulen, få møter og vanskeleg å få kontakt. Har tilbydd å besøkje dei. Eid, Gloppen, Stryn: har hatt kontakt og er invitert på besøk. Har fått årsmelding frå Eid.

- Lisa: Sogndal, Balestrand og Leikanger skal ha møte i oktober om kommunesamanslåing. Lisa skal delta, og skal snakke med ordførar om ev. saker. Lærdal har ikkje ungdomsråd pr. no. Har ikkje fått kontakt med Aurland.

- Mari: Gaular har ikkje hatt val endå, men sekretæren har gitt tilbakemelding vil gjerne ha besøk. Tar kontakt når dei er konstituert. Har hatt kontakt med sekretæren, dei vil gjerne ha besøk. Er invitert på besøk til Hyllestad, dei jobbar med å få nye medlemmar. Har ikkje fått kontakt med Høyanger og Jølster. Har hatt kontakt med leiar i Solund ungdomsråd, Hanne Mjåtveit. Vil gjerne ha besøk.

- Kamilla: har sendt e- post til alle. Kontakt med Askvoll og Fjaler. Askvoll får att tidlegare sekretær som har vore i permisjon, avventar svar. Fjaler er ikkje skikkeleg i gang att, men har orientert om planane sine. Tilbakemelding frå sekretær i Førde, avtalt besøk i oktober når dei er konstituert. Flora skal ha val i september, tek kontakt att då.

- UPU skal minne kommunane som ikkje har ungdomsråd på at det no er vedteke ei lovendring om at det skal finnast ungdoms-medverknadsorgan i kvar kommune.

Sak 20 2018/2019 **Arbeidsplan for fråsegner 2018/2019**
UPU oppdaterte oversynet med det som er gjort sidan førre møte og planla det vidare arbeidet.

Sak 21 2018/2019 **«Smerta ein ikkje ser» konferansen**
Røde Kors arrangerer, UPU er medarrangør av denne konferansen som i 2017. Skal jobbe for å rekruttere deltakarar og spreie informasjon til målgruppa. Datoen er ikkje sett, og det kjem meir informasjon.

Sak 22 2018/2019 **Orientering om samarbeid med UFU angåande regionsamanslåinga**
I etterkant av fylkesting for ungdom har Kamilla hat møte med leiar for ungdommens fylkesutval i Hordaland (UFU), Marius Helland Hindenes hatt møte der dei drøfta vedtekter, tal medlemmer i utvala etc. Konklusjon: skal lage ein grunnmur for det nye medverknadsorganet, så må dei neste utvala utforme meir detaljerte vedtekter. Ynskjer å arrangere eit felles møte mellom UPU og UFU hausten 2018, t.d. helgemøte. Ynskjer å vidareføre fadderordninga frå Sogn og Fjordane. Eit utval med ni medlemmar og sju varamedlemmar, oppbygging på same måte som UFU, med to stk. på kvart arbeidsområde. Samansettinga av medlemmane bør vere balansert i høve by/distikt og kjønn. Fylkestinget bør vere partipolitisk nøytralt, med delegatar frå kommunane. Uavklart i høve observatørar. Nynorsk. Hindenes utarbeider framlegg til vedtekter og Kamilla sender desse ut til medlemmane for innspel så snart dei er klare.

Sak 23 2018/2019 **Informasjonsarbeid**
UPU oppdaterte sosiale media.

Ymse

- Det er mogeleg å søkje om å bli ungdomsdelegat til Europarådets kommunalkongress. Kamilla legg ut informasjon om dette på Facebookgruppa.
- Fråsegn frå fylkesting for ungdom 2018 om UWC: varamedlem Milad Dean har jobba med denne fråsegna over sommaren og har hatt kontakt med UWC. Forslag til samarbeidsformer: to elevar frå UWC besøkjer vidaregåande skular i fylket og informerer om UWC. Sikre god utveksling av informasjon. UPU brukar dette arbeidet som eit utgangspunkt, Thor og Lisa går gjennom forslaget og tek opp kontakten med UWC.

Vedlegg:

Mottakar (ar)
Kamilla Rivedal
Lisa Horpen
Thor Albrektsen
Mari Dale Salbu
Amila Adzemovic
Ingebjørg F. Bjørlo

Kopi til:
Ingebjørg Erikstad, NKA